

SAMNANGER KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN

SAK.NR. J.NR.

03 MAI 2012

EMNEKODE:

OBJEKTkode:

SAKSH. GRADERIN



STATENS KARTVERK

Samnanger kommune, Sentraladministrasjonen,
Tyssevegen 217, 5650 TYSSE
Hordaland fylkeskommune, Boks 7900, 5020 BERGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.

Dato:

Sak/dok.: 06/02029-

26. april 2012

Ark.:

Namnesaker i Samnanger kommune - Vedtak i namnesak 2011/7 og 11 - Vidaresending av namnesak 2011/12 til Hordaland fylkeskommune

I namnesak 2011/7 og 11 i Samnanger kommune har Statens kartverk Bergen i dag gjort vedtak om skrivemåten av 53 stadnamn. Av tekniske grunnar er det gjort oppdeling og ny nummerering av den opphavlege namnesaka 2011/7. Den delen som gjeld namn på bruer og tunnelar på fylkesvegar er tilrettelagt og samla i namnesak 2011/12.

Vedtak

- ./ Med heimel i lov om stadnamn § 5 andre ledd, og § 6 fjerde ledd vedtek Statens kartverk Bergen at 53 stadnamn namnesak 2011/7 og 11 i Samnanger kommune skal skrivast slik det går fram av vedlagde lister og orienteringa i dette brevet.

Som grunngeving for vedtaka viser Statens kartverk til stadnamnlova § 4 og kommentarane nedanfor.

Bakgrunn

Ved brev datert 30. mai og 22. juni 2011 til Statens kartverk reiste Stadnamntenesta for Vestlandet namnesak for kring 80 namneformer i Samnanger kommune. Det gjaldt namn som frå før var registrerte i Sentralt stadnamnregister (SSR) og som finst på ulike typar kart. Vedlagt brevet frå Stadnamntenesta følgde førebels tilråding om skrivemåten for kvart enkelt namn.

Ved brev datert 21. juli 2011 sende Statens kartverk saka til Samnanger kommune til uttale og for kunningering lokalt. I tillegg til reising av namnesaker om skrivemåten låg det føre opplysningar om at ein del namn truleg var feilplasserte. Kommunen vart difor og bedt om å sjå spesielt på plasseringane.

Det vart ikkje reist sak for gardsnamn eller bruksnamn.

Kommunen handsama saka den 06.09.2011 og sende deretter fråsegn om skrivemåtane til Stadnamntenesta. For vurdering av plasseringane vart det sett ned ei gruppe av lokalkjende folk. Resultatet av dette arbeidet sende kommunen til Statens kartverk ved brev datert 09.02.2012.

Stadnamntenesta sende endeleg tilråding til Statens kartverk ved brev datert 27. oktober 2011, sjå kolumna "Endeleg tilråding" i namnelistene. Høyringsfråsegner frå kommunen er førde i kolumna "Høyringsfråsegner" og merkt med (K). I den same kolumna står framlegg frå Øyvind Røen merkte med (P). Desse framlegga med kommentarar har Kartverket motteke som eige vedlegg i brevet med endeleg tilråding frå Stadnamntenesta.

Spesielt om namn på bruer og tunnelar på fylkesvegane i kommunen

Det er reist sak for 37 namn på bruer og tunnelar som ligg på forskjellige fylkesvegane i kommunen. For desse namna på fylkeskommunale anlegg er det Hordaland fylkeskommunen som har vedtaksretten.

Anleggsnamna byggjer dels på tidlegare vedtekne primærnamn, dels på primærnamn som er vedtekne i denne saka og dels på primærnamn som ikkje er registrerte i Sentralt stadnamnregister eller handsama tidlegare. Kartverket støttar tilrådingane frå Stadnamntenesta slik at skrivemåtane på anleggsnamna vert i samsvar med skrivemåtane av primærnamna, og at endeledda og samanbindingsfugene vert tekne med i namna i samsvar med gjeldande reglar og praksis. Til orientering er informasjon om primærnamna frå Sentralt stadnamnregister (SSR) førde i kolumna "Merknader av Kartverket".

Desse namna, som er samla i sak 2011/12, vert sende til Hordaland fylkeskommune for vedtakshandsaming. Me minner om at melding om vedtak skal sendast til Kartverket for registrering i SSR, sjå stadnamnlova § 12 andre ledd.

Grunngjeving

Det er reist sak for ein del namn som er førde dobbelt i SSR. For nokre av desse namna er det tidlegare gjort vedtak i samsvar med det som no vert tilrådd. Dette er retta opp i SSR, mellom anna med samanslåing av objekt. For desse sakene er det følgjeleg unødvendig å vedta skrivemåten på nytt.

For nokre tidlegare vedtekne namn er det reist ny sak med forslag om endra skrivemåte. Dei namna dette gjeld er merkte med "V" i kolumna "Skr.m.status" i namnelistene. Med heimel i stadnamnlova § 7 har dette ført til gjenopptaking av desse tidlegare vedtekne namna, og til omgjerding av tidlegare vedtekne skrivemåtar.

Alle forslaga om endra plassering er tekne til følgje.

Ved fastsetjing av skrivemåten skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen, samstundes som ein skal følgja gjeldande rettskrivingsprinsipp, jamfør § 4 første ledd i lov om stadnamn. I forskriftene til stadnamnlova er det gitt utfyllande reglar om skrivemåten, mellom anna at ein i samansetjingar skal nytta den samansetjingsmåten som samsvarar med dialekten, og at stadnamna skal skrivast med bunden form / ubunden form og eintalsform / fleirtalsform alt etter kva form namnet har i den munnlege tradisjonen.


Desse reglane er lagde til grunn ved fastsetjing av skrivemåten for kvart enkelt namn.

Me vil minna om dei reglane stadnamnlova har om **plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar**, jf § 9, spesielt første setning, som har denne ordlyden: "Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i §1 tredje ledd". Det vil sei organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlige eig fullt ut.

Vedkomande kommune skal sørgja for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 10 første ledd i lova.*)

For vedtak på gardsnamn og bruksnamn skal kommunen senda varsel direkte til dei grunneigarane som ikkje er mottakarar av dette brevet. Det er ingen slike namn i denne saka.

Med helsing



Kjetil Gjesdal
fylkeskartsjef



Åmund Fykse
namneansvarleg

*) Etter § 10 i *lov om stadnamn* kan vedtak om skrivemåten påklagast av offentleg organ, grunneigar og festar når det gjeld gardsnamn/bruksnamn, og lokal organisasjon med særleg tilknytning til stadnamnet. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket kom fram til mottakar. Dersom denne meldinga skjer ved offentleg kunngjering, startar klagefristen frå den dagen vedtaket vert kunngjort første gong. Eventuell klage skal sendast til Statens kartverk Bergen med kopi til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkivert hos vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetting av vedtaket til klagefristen er ute eller klagen er avgjort.

Vedlegg til alle:

Namneliste sak 2011/7 og 11 med vedtak

Namneliste sak 2011/12 med tilrådingar

Vedlegg til fylkeskommunen:

Brev datert 27. oktober 2011 frå Stadnamntenesta

Kopi:

Stadnamntenesta på Vestlandet, LLE, UiB, Postboks 7805, 5020 Bergen